

til kamp



AVISA TIL NORGES KOMMUNISTISKE STUDENTFORBUND .

TRONDHEIM

1. mai

FAGLIG 1. MAI FRONT

klassekamptoget som

KONSEKVENT RETTAR SEG MOT DNA OG LO-LEIINGA SITT KLASSESAMARBEID.

KONSEKVENT GÅR MOT DNA-REGJERINGA SIN DYRTIDSPOLITIKK.

KONSEKVENT GÅR MOT DNA-REGJERINGA SIN UTDANNINGSPOLITIKK

KONSEKVENT RETTAR SEG MOT BEGGE SUPERMAKTENE.

PEIKAR PÅ KVEN SOM ER FIENDEN, OG IKKJE HÅR PAROLAR SOM KAN TOLKAS BÅDE FOR OG MOT KLASSEFIENDEN.

STOLER PÅ EIGNE KREFTER; OG IKKJE ER AVHENGIG AV 50 000 KRONERS STØTTE FRÅ KOMMUNEN.

ER UTAN PARTISEKSJONAR OG IKKJE ER VALMØNSTRING FOR NOKO PARTI.

Samorg toget

DET ER KLASSESAMARBEIDSTOGET SOM:

proklamerer sosialistisk fleirtal i Trondheim bystyre.

fungerer opent som valmønstring for DNA.

har ein SV-seksjon der ein ikkje finn ein einaste parole (av 50) som uttrykkeleg rettar seg mot DNA og staten.

GÅ I FAGLIG 1. MAI FRONT TOGET

LÆR AV INDOKINA

FOLKEKRIGEN SIGRER!



SE SIDE 3

VALGET I
SAMFUNDET

SE SIDE 4

POLITISKE OPPSEIINGER

VED NORSK HAMMERVERK A/S I STAVANGER ER 14 ARBEIDARAR I STREIK MOT USAKLEG OPPSEIING.

PÅ LADESLETTA GARTNERI I TRONDHEIM ER TO JENTER OPSAGTE PÅ POLITISK GRUNNLAG.

SJÅ SIDE 2.



FRA DEMONSTRASJONEN I TRONDHEIM 10/4 TIL STØTTE FOR DET INDO-KINESISKE FOLKETS FRIGJØRINGSKAMP

SISTE :

Politiske oppseiingar i Trondheim

To kvinner er oppsagte på politisk grunnlag på Ladesletta gartneri. Den eine fordi ho er verneombod og er skulda for å ha tilkalla arbeidstilsynet (det har ho ikkje eingong gjort!). Den andre har fått som grunngeving at ho ikkje gjorde jobben sin. Ho har gått inn for at folk skulle fagorganisere seg. Frå februar til i dag er alle bortsett frå to vorte fagorganiserte, og dei har klaga over at dei ikkje har tariff. Arbeidskjøparen har prøvd å splitte dei ved å tilby høgare løn for dei som ville melde seg ut av fagforeninga

LO har meldt plassoppseiingar for dei som er organiserte frå 2. mai. Krava er at dei to skal bli teki inn att i arbeid, og at gartneriet må godkjenne Skog og Land sin tariffavtale. Ver førebudd på at det blir streik frå 2. mai, og at vi må sette igang støttearbeid.



STREIK

HAMMERVERKSTREIKEN

Den politiske oppseiinga av 15 arbeidrarar ved Norsk Hammerverk A/S i Stavanger er eit grovt åtak på dei borgarleg-demokratiske rettane og eit trusmål mot alle fagorganiserte. Der- som slike metodar skulle få hevd, ville det undergrave kampkrafta til heile arbeidarrørsla. Mellom anna difor er det viktig å få fart i støttearbeidet. Dann støttekomitear, sett igang innsamlingar fort! Studentrørsla har gjort godt arbeid tidlegare med å støtte arbeidsfolk i kamp. Dette er vegen vi må gå for å utvikle einskaper mellom studentar og arbeidrarar. At Heisemontørane og Telefonsentralmontørane støtta Raud Front ved valget i DNS i haust og at Telefonsentralmontørane har støtta husleigestreiken på studentbyane i Oslo med 1000 kroner, viser at einskaper blir bygd gjennom gjensidig støtte.

DNA KJEMPER MOT ARBEIDARANE!


Forbundsleinga i Jern og Met. har kasta seg inn i kampen på bedriftsleinga si side, og gått mot streiken. Dette syner nok ein gong at DNA-leinga er ein fiende av arbeidsfolk. Kamp for dei streikande sine rettar blir difor og ein kamp mot DNA og LO-toppen.

Vi viser ellers til fråsegna som er sendt ut av dei streikande og som er spreidd på lærestadene. Send støtte til: Aksjonskomiteen, Norsk Hammerverk, o/o Avd. 25 jern og met., Løkkeveien 17, 4000 Stavanger.

RØD SOMMERLEIR



NKS SIN SOMMARLEIR 1976 BLIR KYRKJÆTERØRA I TIDSROMET 17.-24. AUG.



DETTE ER "ARBEIDERKLASSEN" SV GÅR SAMAN MED 1. MAI

1. mai

LNL PÅ LÆRERSKOLEN VEDTOK PÅ ALLMØTE 17/4 ENSTEMMIG Å SLUTTE SEG TIL FAGLIG 1-MAIFRONTTOGET. TIL KAMP HAR INTERVJUET LNL-MEDLEM GUNN JOHNSEN SOM OGSÅ ARBEIDER I FFF-KOMITEEN

TK: Gikk du i tog i fjor, - i tilfelle, hvilket?

GJ: Jeg gikk i kvinneseksjonen i Enhet-Solidaritet.

TK: Hvorfor deltar du i Faglig 1.mai-front (FFF) arbeidet?

GJ: Fordi jeg støtter det FFF står for, Også fordi jeg vil være med på å gjøre noe aktivt for å rette på det jeg mener er feil med den politikken som føres i dag, f.eks. utdanningspolitikken.

TK: Hva er etter din mening de viktigste forskjellene på FFF-toget og samorg-toget?

GJ: Samorgtoget støtter opp om den politikken som føres av DNA. Kan ikke gå i tog sammen med folk som fører en folkefiendtlig politikk. Etter min mening går FFF inn for en mer folkevennlig politikk.

Samorg gir ingen reservasjonsrett på hovedparolene, dvs. at man må ta stilling til om DNA er sosialistisk eller ikke, jfr. parolen "Styrk det sosialistiske flertallet i Trondheim bystyre." I FFF-toget trenger en bare å si seg enig i en av hovedparolene, de andre kan en reservere seg fra.

TK: Har du noe inntrykk av om det er større forståelse for 1.maiarbeidet i år enn i fjor?

GJ: Ja, det synes jeg. I og med at jeg selv er med i år, merker jeg mye mer til aktivitetene, men for en utenforstående trenger det jo ikke å virke slik.

TK: LNL-allmøtet 17/4 vedtok enstemmig å slutte seg til FFF. Hvorfor var dette et riktig vedtak?

GJ: 1. mai er en dag da alle undertrykte grupper som solidariserer seg med ar-

beiderne, kan gå ut på gata og fremme sine krav. LNL støtter mange av disse kravene, og det er viktig at dette kommer fram på en dag som 1. mai. Det var riktig av LNL å slutte seg til FFF fordi organisasjonen kunne støtte flere av hovedparolene og samtidig si seg enig i alle parolene i studentseksjonen. LNL er tverrpolitisk og det kunne da ikke komme på tale å slutte seg til samorgtoget der en må ta standpunkt til om en vil et sosialistisk Norge eller ikke.

TK: Det blir fra SV- og DNA-hold hevdet at FFF-toget er et rent støttetog for AKP. Hva er din kommentar til dette?

GJ: Det synes jeg er en stormisforståelse. Det er klart at de som er tilsluttet AKP går i FFF-toget, men det er totalt feil å si at det er bare AKPer som går i dette toget. AKP har aldri tatt FFF-toget kun til inntekt for sitt parti/sin ideologi. Mange tverrpolitiske organisasjoner som Kvinnefronten og LNL har sluttet seg til toget. En trenger ikke å være AKPer for å støtte kravene som f.eks. student-, kultur-, kvinne-, eller ungdomsseksjonen stiller. Etter min mening er det snakk om å fremme saker, ikke ideologier på 1. mai.

TK: Hvordan er det å arbeide for en progressiv politikk på lærerskolen, når dere fram til folk?

GJ: Det kan jeg vanskelig uttale meg om da jeg før ikke har deltatt mye i arbeidet for en progressiv politikk. Jeg har jobba en del i kvinnefronten som er tverrpolitisk, og der synes jeg det har vært vanskelig å arbeide. Jeg vet at mange støtter frontens krav, og derfor er det beklagelig at de ikke ønsker å vise noe av dette i praksis. Håper dette vil rette på seg til neste år. Kvinnefronten har slutta seg til FFF. Støtt opp og la kvinneseksjonen bli stor!

SV SINE PAROLAR

i klassesamarbeidstoget 1. mai er klare. "Disse parolene er et enhetlig uttrykk for den politikken SV står for i dag", står det. Dei skriv og at "Hvis det fortsatt skulle være tvil om vår holdning til sosialdemokratiet, anbefaler vi en deltakelse i Samorganisasjonens 1. mai arrangement. . . . osv"

Nokon tvil om den saken har vi så visst ikkje, etter å ha lesi parolane. Av heile 50 parolar (! i ein partiseksjon!) kan vi sjå 3 eller 4 som DNA kan ha litt trøbel med å skrive under på (momsen, voldgift, Nato, flykjøp), skjont dei er og runde nok til ikkje å vekke forarging hos DNA-leinga. Ikkje ein einaste parole rettar seg uttrykkelig mot DNA/LO leinga. Ikkje ein rettar seg uttrykkelig mot staten eller regjeringa. Det står heller ingenting om supermakta Sovjet (sjølvsagt).

Så SV si holdning til sosialdemokratiet er det nok ingen tvil om. SLUTT OPP OM FAGLEG 1. MAI FRONT

NKS FIKK RETT

DNA-REGJERINGA LOVFESTER SAMORDNINGA !

Regjeringa har vedtatt iverksettinga av lærerutdanningslova fra 1/8-75, med unntak av §26. Denne paragrafen omhandlar styringsstrukturen for de pedagogiske høgskolene.

Det heter blant annet at en pedagogisk høgskole skal ha ett styre "aleine eller i lag med andre høgskolar". Premissene for lova sier klart at styre sammen med andre skoler skal være unntak. Dette vil DNA-regjeringa endre. Bjartmar Gjerde bekrefter at lova skal forandres slik at styrer sammen med andre skoler skal være regelen! Regjeringa har hastverk med å få innført det nye utdanningssystemet. Den opptrer derfor uhyre arrogant og ignorerer fullstendig den breie motstanden mot lærerutdanningslova, og utdanningspolitikken generelt.

NKS sin analyse av DNA regjeringas utdanningspolitikk har vist seg å være riktig. Regjeringa vil innføre regionale styrer og dermed samordne all høyere utdanning ved hjelp av lærerutdanningslova. SV har i lang tid sabotert interessekampen ved å gi seg ut på detaljkritikk av stortingsmeldinga, og de ville ikke innse at PH-lova kom til å virke som et bremsekamp for innføringa av DH-systemet. Nå bør SV få øynene opp for at det ikke nytter med snill detaljkritikk av ei stortingsmelding, når DH-systemet allikevel blir innført bakveien gjennom PH-lova. Når skal SV lære seg til å trekke ut de store linjene, og ikke virke som et haleheng på den progressive studentbevegelsen?

TKSF OG ARBEIDARANE

Reaksjonen mobiliserer mot husleigeaksjonen på Moholt. TKSf, monopolane sin studentorganisasjon, har kasta seg inn i kampen på staten si side. Dette er ein viktig grunn til at forslaget om streik vart stemt ned ved uravstemninga. Krava om ny budsjetthand-saming og nedsetting av husleiga, som over halvparten av leigarane har skrivi under på, står likevel fast. For å dekke over kor reaksjonær politikken deira er, prøver TKSf å køyre seg fram som talsmenn for dei tilsette i Studentsamskipnaden. Monopolkapitalen sine leigesveinar, dei som konsekvent har gått mot streikar og andre kampar som arbeidsfolk har ført, dei har plutselig vorti så arbeidervenlege. Skal vi late oss lure av dette eller skal vi avsløre det som det er: Åtak på studentane og dei tilsette, forsvar for staten og monopolane.

TKSF SIN SPLITTINGSPOLITIKK ER IKKJE TILFELDIG!

Staten fører politikken sin for å styrke

monopola og svekke dei store folkegruppene. TKSf er monopolane sin studentorganisasjon, slik som Høire og Unge Høire er det. Politikken deira er difor ikkje grunda på misforståing e.l. Det er nettopp deira oppgave å marknadsføre monopolane sin politikk. Dette har historia vist gjennom mange år. Dei har konsekvent stått på den herskande klassen si side, mot dei undertrykte folkegruppene. F. eks har dei gått mot all støtte til streikar som arbeidsfolk har ført i alle år. Dei var mot 10-timarsdagen og mot 8-timarsdagen. Dei var mot kampene til heisemontørane og telefonsentralmontørane. Dei er for EF og for NATO. Alt dette for å nemne berre nokre få eksempel. Og no går dei til harde angrep på studentane sin økonomiske kamp. Dette er altså ikkje tilfeldig. Sjølv sagt vil monopolkapitalen sine leigesveinar støtte monopolkapitalen sin politikk.

INDO-KINA :

BERRE FOLKEVÆPNING GJEV SIGER !

I desse dagane er folka i Indokina i ferd med å kaste av seg imperialismen sitt åk. Hard kamp i mange år har ført til siger. Det er ein stor siger for dei indokinesiske folka, men det er og ein stor siger for alle andre som fører kamp mot undertrykking og utbytting.

Aldri før i historia har eit folk vunni over ein så sterk undertrykkar. USA-imperialistane har sett inn alle dei moderne våpna dei har, bortsett frå atomvåpen. USA har ført krig i Vietnam med ein hær på over 1/2 mill. soldatar. (Vietnam har 30 mill. innbyggjarar. Den norske hæren tel berre ca. 30 000 mann. Til samanlikning.) USA har sleppt over 3 gonger så mykje bomber over Vietnam som det som vart sleppt under heile den 2. verdenskrigen. (Tenk over korleis verda såg ut når krigen slutta! Heile Vietnam er omlag like stort som Norge i utstrekning.) I tillegg har USA rusta opp sine egne quislingar til tennene. F. eks. har Saigon det 3. største flyvåpenet i verda!

Mot denne fienden har det vietnamesiske folket vunni ein militær siger! Dei har vist at imperialismen ikkje er uslæeleg, når folket sjølv væpnar seg og går til kamp mot han. Rett nok har dei fått våpenhjelp, særleg mot slutten av krigen, skulle berre mangle. Men ingen kan snakke seg bort frå at sigeren er folkemassane sitt verk. Alle freistnader på å gje andre statar si våpenhjelp æra for sigeren er reinhekle opportuniste og hån mot dei indokinesiske folka.

Dette er ein enorm inspirasjon og ein lærdom for alle folk som vil reise seg mot undertrykking. Det gjeld og det norske folket. Folka i Vietnam og Kambodsja har vist oss kva for ein veg vi må gå. Folket i Chile prøvde ein annan veg. Dei hadde ikkje våpen og trudde dei skulle vinne fram med fredelege medel. Dei måtte lide nederlag. Imperialismen kan aldri bli snill. Han vil alltid verge seg med dei midla han har, om naudsynt med militærmakt. Difor må han bekjempas med dei same midla. Indokina viser oss det.

Den fredelege vegen er livsfarleg. Den dagen den parlamentariske sosialismen til f. eks SV trugar borgarskapet si makt, kan vi få eit blodbad med arbeidsfolk som den tapande parten.



SEIER FOR FNL



SOVJET - IMPERIALISTMAKT PÅ FRAMMARSJ

1. MAI MÅ VI RETTE KAMPEN MOT BEGGE SUPERMAKTENE. MANGE HAR IKKJE SKJØNT DETTE ENNO. SOCIALISTISK VENSTREPARTI MEINER FRAMLEIS AT SOVJET ER "SOCIALISTISK", OG SV-KONGRESSEN SYNTE AT SOVJET STYRKER POSISJONEN SIN I NORGE.

SOVJET ER IMPERIALISTISK!

Sovjet har dei siste åra utvikla seg til ein imperialistisk stat. Ei rad med eksempel syner dette:

-Invasjonen i Tsjekkoslovakia i 68 er det verste eksemplet. Dette angrepet på eit lands sjølvvråderett er brot på elementære prinsipp for sosialistiske lands utenrikspolitikk. Tsjekko er berre eitt av dei landa Sovjet utnyttar gjennom den økonomiske organisasjonen COMECON. Prinsippet om den s.k. "sosialistiske arbeidsdeling" er til for å binde dei austuropeiske statane i eit avhengighetsforhold til Sovjet. Det er og eit dekke over ein politikk som går ut på "kjøp billig - selg dyrt". Verkelege sosialistiske land går inn for størst mulig sjølvberging, ikkje avhengighet av andre land.


-India er eit av dei landa der sosialimperialismen har utvikla seg lengst. Tidlegare var det USA som utplyndra India, i dag har Sovjet teki over. Dei kjøper billig og sel dyrt: Sovjet sel varer til India (f. eks. nikkel, bomull) som ofte ligg 20-30% over prisane på verdsmarknaden, medan dei kjøper varer frå India som ligg like mykje under marknadspriisen.

Som andre imperialistland driv og Sovjet med kapitaleksport. Dei gjev f. eks lån med harde vilkår. India må kjøpe sovjetiske varer, reservedelar o.l. Låna må betalas attende på kort tid og dei blir tvinga til å ta opp nye lån (nett som Vesten sin ulandspolitikk).

-Militær opprusting. Dei bygger og utkrigsmakta for å forsvare dei økonomiske interessene sine. Flåten deira strekker seg no ut til alle verdshava.

Opprustingstakta er høgare enn USA. F. eks. bygger Sovjet 9 - 12 atomvæpna ubåtar kvart år medan USA bygger 4 (US News and World Report). Den sovjetiske admiralen Gorshakov seier at "nvert land som er alvorlig interessert i å utvide sin politiske innflydelse i områder langt hjemmefra må ha en flykapsitet som er basert på havet". (Herald Tribune).

Dette er berre nokre få eksempel.



HØSTENS KOMMUNEVALG: AVSLØR PARLAMENTARISMEN !

Per Gunnar Gabrielsen, sekretær i NKS, holdt hovedapellen for rundt 300 mennesker i folkets hus på NKS sitt åpne møte om kommunevalget. Han understrekte to viktige trekk ved utviklinga de to siste åra: Tusenvis av studenter har sjølv deltatt i omfattende klassekamper, og har fått rike erfaringer. Samtidig har SV gått kraftig til høyre. De støtter idag åpent DNA og supermakta Sovjet, og har stått fram som et klassisk parlamentarisk parti.

I tillegg er den kommunistiske studentbevegelsen på frammarsj, noe som viser seg i stiftinga av NKS, streikestøttearbeidet på universitetene, den knusende seieren over reaksjonen i Samfundet i Oslo, og massebevegelsen mot statens utdanningspolitikk. Men sjølv med et gunstig utgangspunkt, er det tull å vente et valgscred i høstens kommunevalg.

Det går ett viktig skille ved høstens valg, og det mellom, på den ene sida folk som støtter Rød Valgallianse, og på den andre sida de som stemmer alt fra ALP til SV. Disse siste har ett viktig felles trekk de er et produkt av, og avhengig av parlamentene, og folks tiltro til parlamentene. Deres aviser og organisasjoner er økonomisk avhengig av den kapitalistiske staten.

Det sentrale i vår valgkamp må være: Bryt med de parlamentariske illusjonene. Avslør parlamentene som en tynn gipsmaske over borgerskapets åpne terroristiske diktatur.

Ett eksempel på at SV bygger opp under borgerskapets parlamentariske maske: MOMS-saka. Høsten -73 var parolen "Vekk med mosen" sentral i SV's valgkamp. Opinionsen i massene var sterk. Folk var forbanna og villige til å kjempe. I januar -73 streiket 100 000 arbeidere for kravet "vekk med matmosen." Da statsbudsjettet skulle opp, sto venstresida samla om breie aksjoner, en nær samla studentmasse sto bak kravet, og det blei forbedret aksjonskomiteer og politiske streiker.

Men så skjedde det at DNA ikke lot seg presse av trusler og spilte ut sin subsidiepakke, som de øvrige partiene, utenom SV gikk imot, en subsidiepakke som betydde 100 kr. i året i lette for en tobarns familie.

Korridorpolitikken begynte, og enate med at SV gikk imot demonstrasjoner og streiker som kunne "skade" forhandlingene: Ove Larsen kjørte på utsettelse av aksjonene, og gikk tilogmed mot streik i Tromsø, fordi det ville skremme DNA og splitte unødigg, samtidig som Torill Skard sa at det var for vanskelig spørsmål og at aksjoner bare ville skape kaos.

Lista kunne gjeras kjempelang: Egypt, Kambodsja, Sudan, Bangla Desh og mange andre stader.

SOVJET OG USA - LIKE ILLE?

Dersom vi skulle lage ei liste over USA sine ugjerningar, ville ho sjølv sagt bli mykje lengre enn denne. Likevel vil vi hevde at Sovjet nærmer seg USA som imperialistmakt. Det er nemlig Sovjet som styrker seg og er i sterk framgang som imperialistmakt. USA har lidt store nederlag, m. a. i Sørøst-Asia, dei er herja av indre kriser osv. For å seie med kineserane: USA er ein koloss på leirfjører. Sovjet er derimot i ferd med å svinge seg opp. Det kan vi kome til å sjå mange eksempel på i åra framover.

SOCIALISTISK VENSTREPARTI: FORSVAR FOR SOVJET SIN SOCIAL-IMPERIALISME.

Sovjet har sine talsmenn i Norge og. I SV har dei Sovjetvenlege elementa vunni stadig større tereng. For eit par år sidan var desse folka temmeleg isolerte med forsvaret av Sovjet. I dag er store delar av SV i ferd med å bli konsoliderte på ein pro-sovjetisk politikk.

Danninga av Sosialistisk Ungdom var ein stor siger for Sovjetvenene i KU. Dei fekk ein KU-ar som leiar i organisasjonen, og dei fekk vedteki at Sovjet er sosialistisk og ikkje imperialistisk.

Hva endte dette med? INGEN TING! SV hadde klart å passivisere tusener på tusener av kampvillige arbeidere. SV's tro på stortingsgruppa drivkraft og mistro til arbeidsfolks slagkraft, dreiv dem inn i et ynkelig subsidiekompromiss. Sânt har aldri tjent arbeiderklassen.

Vi som støtter Rød Valgallianse, må agitere for den eneste vegen som fører til at borgerskapets diktatur avgår ved døden. Hvorfor seier folket i Kambodsja og Vietnam, mens det Chilenske folket tapte?

Kommunister og revolusjonære sosialister har et svar på dette. Og det er ikke at vietnameserne er så mye mer krigeriske i sinnelaget, har skeive øyne og gul hud, eller at de er seksuelt frustrerte, å la Berit Ås'kina analyse.

De seiret fordi massene blei mobilisert, og var væpna, og fordi en konsekvent revolusjonær politikk har stått i ledelsen for kampen.

Har så Norge spesielt demokratiske tradisjoner? Kan vårt militærapparat vinnes for folket sak?

Tvert imot. Norge har en strategisk viktig beliggenhet mellom to supermakter, høyt utvikla, monopolisert industri, rike oljeressurser, og et forsvaret integrert i NATO. Vi har tatt fordom av avsløringene av Wintex-øvelsene.

Kamerater:

Skal vi bygge et reint og rødt Norge, er første skrittet å avsløre alt illusjonsmakeri om en fredelig overgang til sosialismen. Og det gjør vi best ved aktivt å spre Rød Valgalliansens politikk i tida framover.



Vi i NKS, AKP (m-l), Rød Ungdom, Johan Melander, Anders Jahre, Bratteli, og Aspengren vet at bak hver stemme til Rød Valgallianse finnes en revolusjonær som har avslørt parlamentarismens forfalne spill, en bevegelse som en dag er sterk nok til å jage parlamentene fra hverandre, jage direksjonene fra hverandre, og erstatte dem med valgte arbeidere, fiskere og bønder som er knytta til massene med tusen bånd.

Ved danninga av sosialistisk Venstreparti vann og NKP fram. Dei fekk hindra at så mykje som eit ord om Sovjet kom inn i prinsipp-programmet (bortsett frå at Sovjet er ei "drivkraft" i kampen mot imperialismen!).

Dette fører tydelegvis til store problem for resten av partiet. Den s.k. "venstre"-fløyen prøver å vri seg unna problema ved hjelp av det vi kan kalle "Ebbing-lina". Ho er uttrykt gjennom ymse skrifter av H. Ebbing (bl. a. Kontrast 1-75). Han hevder at Sovjet er ein slags sosialistisk stat. "Statsosialisme" eller "statskollektivism" kallar han det. Det skal vera eit slags mellomtrinn på veg til utvikla sosialisme. Dette må ein seie er teoretiske nyvinningar! No har "marxistar" lansert teorien om eit overgangssamfunn mellom kapitalisme og sosialisme! Det som denne lina viser, er berre at heile SV nærmar seg NKP i synet på Sovjet. For to år sidan meinte Ebbing m. fl. at Sovjet var kapitalistisk (og hadde vori det sidan midten av 20-åra), i dag meiner dei at det er "statsosialistisk". Det er tydeleg at Sovjetvenene vinn fram!





RØD FRONT:

ENHET PÅ

KLASSEKAMPENS GRUNN!

INTERVJU MED METTE KOLSRUD:



TK: Har RF forandret karakter siden sist?

MK: Det er viktig å understreke at RF alltid har stått på ei klassekampslinje. Det vil si at fronten konsekvent støtter folk som reiser seg og stiller krav som retter seg mot staten og monopolkapitalen. Vi vil også ta initiativ og delta aktivt i disse aksjonene.

I aksjonen mot stortingsmelding 17 og statens utdanningspolitikk, moholdtaksjonen og streikestøttearbeidet, så tror jeg folk rundt om på lærestedene veit at det er folk som jobber i, eller støtter RF som har gått i spissen for disse aksjonene.

TK: RF står på ei sosialistisk plattform, hva skiller RF fra Sos. Fr. i dette spørsmålet?

MK: Vi mener at det er bare folkets egne krav som gir seier. Det betyr at gjennom kamperfarer lærer man hvem som er venn og hvem som er fiende. For eksempel så hadde heismøtene erfart dette når de oppfordret medlemmene sine til å gå i DNS og stemme for Rød Front mot reaksjonen. Samtidig styrker det enheten og troen på at det går an å seire. Dette er viktig ettersom klassekampen skjerpes og spørsmålet om sosialismen vil stå sterkere i folkets bevissthet.

"Sosialistene i Sos. Fr. mener at veien til sosialismen må gå gjennom de parlamentariske organer, og dess flere folk på stortinget, dess nærmere er vi sosialismen. Gjennom reformene på stortinget skal de gi oss sosialismen. De ser helt bort fra at staten i dag er et redskap for monopolkapitalen og at den også alltid vil være det så lenge vi har et kapitalistisk system i Norge. Derfor vil veien gjennom parlamentet aldri føre fram.

TK: Både Sos. Fr., TKSF og RF sier at de vil ha enhet med arbeiderbevegelsen. Hva er de forskjellige linjene her?

MK: Vi i RF har satt som hovedparole for arbeidet vårt "Enhet på klassekampens grunn". Det betyr enhet med progressive klubber og fagforeninger og folk på grunnplanet. Vi vil ta

initiativ til og delta i å bygge ut enheten. Og det kan best gjøres ved at vi som studenter aktivt støtter arbeidsfolks kamp, streiker, boligaksjoner, barnehageaksjoner osv.

Vi har også lagt vekt på dette i møteprogrammet vårt. Vi vil ha tre møter i byen under uka. Et om "DNA-et arbeiderparti?" Et om boligpolitikken: "Rivere og røvere i Trondheim by", hvor vi vil prøve å få et samarrangement med velforeningene på Rosenborg/Møllenberg, Risvollan, Vestlia og Uredd. Her vil vi også prøve å få med folk fra Rodeløkka, både som innledere og med kulturgruppa si. Og så har vi et møte om "Enhet med fagbevegelsen" hvor vi skal prøve å få med folk fra arbeidsplassene her i byen til diskusjon om enhet mellom studenter og arbeidere. Vi tror dette kan bli fine møter som kan styrke enheten

STØTTE TIL KLASSEKAMP LINJA = STØTTE TIL RØD FRONT

Sos. Fronts "Aksjonsenhet med fagbevegelsen" går kun på enhet med samorgledelsen. Denne ga støtte til Sos. Front ved valget sist.

Ellers vet vi jo at de har sabotert streikestøttearbeidet flere ganger, bl. a. telefonsentralmontørstreiken, og at vi har kritisert dem

sterkt for det. At de er med i streikestøttearbeidet nå er en bra ting, kanskje de har tatt kritikken vår til følge?

Det TKSF gjør med "Enhet med arbeiderne", er å hjelpe monopolkapitalen med å splitte oss. Den eneste gangen de har snakket om enhet med de fagorganiserte, er i Samskipnadssaken.

TK: Hva blir det viktigste i valgkampen?

MK: Valget er like før 1. mai, og rundt denne dagen skjerper alltid linjene i arbeiderbevegelsen seg. Dette ser vi tydelig også i år. Skillet går mellom klassekampslinja som Faglig 1. mai front står for og som RF har vedtatt å støtte, og klassesamarbeidslinja som SV og DNA står for. Disse skillelinjene ser vi også klart rundt om på lærestedene og i Studentersamfundet. Sos. Fr. ønsker ingen debatt om 1. mai og det forstår jeg godt når en vet hva slags standpunkt de har tatt i denne saken. Å støtte DNA er et knefall for samarbeidslinja. Vi studenter har jo i flere år kjempet mot DNAs utdanningspolitikk. Vi vet at den rasjonaliseringspolitikken de prøver å innføre er helt i tråd med næringslivets behov for mest mulig velutdanna folk billigst mulig. DNA er i dag det parti som tilrettelegger for monopolkapitalens behov.

Sos. Front støtter DNA i samarrangementet 1. mai, og de er med på å gi dette arrangementet en lyserød glans. Dette er heller ikke i motstrid til monopolkapitalens ønsker, for de er bare med på å hemme og demme opp mot ei skikkelig klassekampslinje

Men vi ser stadig flere og flere av studentene rundt om på skolene her i Trondheim som ikke kan godta en slik leffing med sosialdemokratiet, og som bryter med SV og Sos. Front og støtter opp om ei kamplinja.

Dessuten blir imperialismen viktig. RF er det eneste alternativet ved valget som konsekvent går mot all imperialisme - både fra USA og Sovjet. Sos. Front mener at Sovjet i dag er et sosialistisk land ("med visse feil") og følgelig ikke imperialistisk til tross for sånne "små overgrep" som Tsjekoslovakia, at de ikke har støtta folkets frigjøringskamp i Kambodia før nylig, at de har gjort mange land økonomisk avhengig av seg i COMECON, India, Egypt mm. Å ikke klart gå i mot sovjets imperialisme, er ikke antiimperialistisk arbeid.

Alle vet hvilken side TKSF har støtta i Vietnam, mer eller mindre åpent og hvordan de stiller seg til USA-imperialismen, NATO, EEC, og IEA.



INTERVJU MED ERLING STEENSTRUP



TK: Hvorfor er det viktig at Rød Front har styret i samfundet?

ES: Virksomheten i samfundet skal tjene arbeidsfolks og studenters kamp mot monopolkapitalen, staten og imperialismen. Til dette trengs et styre som kan fungere som en fortrøpp i folkets kamp, ikke et haleheng. Rød Front og grupperingene bak denne er de eneste som i praksis har tatt konkrete, sjølstendige initiativ i støtten til studentenes kamp mot statens utdanningspolitikk, arbeidere i kamp og undertrykte folks kamp mot verdens imperialistmakter. De tilfeller hvor Sosialistisk Front har tatt slike initiativ, har vært unntak fra deres konsekvent praksis, nemlig å føre, en baktung halehengspolitik.

TK: Hva slags rolle har TKSF spilt i samfundet?

ES: TKSF har konsekvent stått på reaksjonens side i alle kampsaker. Det betyr at der de ikke åpent har kunnet sabotere - f. eks. da Lorentzen satt i styreposisjon og gikk mot markering av støtte til Palestinernes kamp, har de gått mot støtte til den anti-imperialistiske kampen i Indokina, Palestina, osv. De har gått mot studentenes interessekamp og mot støtte til arbeidsfolk i streik. TKSF representerer folkets fiender i Studenter-samfundet.

TKSF - FOLKETS FIENDE I SAMFUNDET!

TK: Hva slags rolle har Sosialistisk Front (SF) spilt?

ES: SF splitter kampen på venstresida gjennom ei sjåvinistisk linje. Den anti-imperialistiske politikken deres retter seg ikke mot begge supermaktene, jfr. Svalbarddebatten før valget i fjor. De har spredd pessimisme i interessekampen ved å gå mot streik på lærestedene. Deres enhet med arbeiderklassen er en omklamring av DNA/LO toppen. Dette henger sammen med den parlamentariske linja som er grunnfesta i SV, klassekampslinja avvises i praksis. Det groveste eksempelet hittil mener jeg er parolen "Enhet student-arbeider: Avvis Faglig 1. mai Front!" som ledende SF'ere har reist i AU i NSU. Altså, til tross for mange fagre ord, delvis med "venstre-innhold", framstår ikke SF som noe klassekampalternativ i samfundet.

TK: Kan du gi en uttalelse om dette semesteret vi er inne i nå?

ES: Jeg vil trekke fram møtet sist lørdag, om Portugal, fordi jeg mener det representerer et typisk lørdagsmøte dette semesteret. Oppmøtet var utrolig slett, noe som førte til at storsalen ikke var beslutningsdyktig. Bl. a. blei en støtteresolusjon med bevilgning av 1000 kr. til de oppsakte Hammerverkarbeiderne strøket, akkurat i en kritisk fase av kampen. Folk er misfornøyd med semesteret og møter ikke opp på møtene, noe som lammer samfundets kampkraft.

Til kveldens tema hadde man to innledere, en fra LO og en fra SV, som sleika hverandre opp etter ryggen. Og SV markerte sin gamle "to-fasestrategi" som går ut på å lure sosialismen inn bak døra i to trinn, hvor de går imot nødvendigheta av en væpna arbeiderklasse i ledelsen for kampen mot fascismen. SV støtter idag taskenspillet over hodene på folket i Portugal, noe som aldri vil true borgerskapets makt. Om det hadde truet borgerskapet, ville det ende i et blodbad, à la Chile, med folket som slaktoffer.

Bare folkets egen kamp gir seier. Enhet med arbeiderklassen på klassekampens grunn. Bruk samfundet som aktiv støttespiller for arbeiderklassens frigjøring. Stem Mette Kolstrud.

Oktober

Kongens gt.29

SOSIALISTISK OG PROGRESSIV LITTERATUR

KLASSIKERE
KVINNEKAMP
HISTORIE

SKJØNN-
LITTERATUR
BARNEBØKER

PLAKATER
PLATER
TIDSSKRIFTER



TAPIIR